

Krafttak må til!

13.02.2011

Hjelp skulemusikken



– unngå krise!

No er det nødvendig med eit krafttak for å sikra at Uskedalen har eit skulekorps i åra framover. Det blir understreka i eit flygeblad som i desse dagar blir spreidd i bygda og bringer vidare appellen over denne artikkelen.

Flygebladet er underteikna av dei som var med i årsmøtet for stutt tid sidan og som peikar på at ein ekstra innsats må setjast inn medan vi framleis har den flinke ungdomsgruppa i korpsset. Det er ein god stamme av dugande musikarar i alderen 13-18 år.

Om få år er dei borte, og difor er det viktig å byggja opp ein ny og solid grunnstamme i korpsset. Det er altfor få barneskuleelevar trass i at mange har byrja som aspirantar i kulturskulen dei siste åra. Dei sluttar for tidleg, mange før dei kjem inn i korpsset. Dette må endrast, blir det understreka.

Leiinga slår fast at korpset også har den rette dirigenten for å gjera det no - Tor S. Olsen. Flygebladet slår fast at han er særslig dugande.

På den positive sida blir også ein svært solid økonomi og ein god instrumentpark trukke fram.

I flygebladet blir det minna om at korpset har vore til glede i bygda sidan 1969. I dei siste 10-20 åra har mange mindre bygder opplevd å mista skulekorpsa sine - også i Kvinnherad. Difor er det viktig at vi er føre var og gjer ein innsats for at korpset kan få ein opptur. Men da må det gjerast ein ekstra innsats no!

Problemet er ikke berre at korpset treng flere medlemmer. Meir alvorlig er det faktisk at det er altfor få vaksne til å fylla ulike arbeidsoppgaver. Etter årsmøtet sit berre Monica T. Storevik og Anne Kari Rørheim i styret i tillegg til rekneskapsførar Randi M. Nybakk. Det seier seg sjølv at det ikkje kan gå, blir det understreka i flygebladet, som oppmodar fleire om å bli med på laget. Det trengst slett ikkje nokon korpsbakgrunn.

Det trengst folk både til styreverv og til praktiske oppgåver og dei bør henvende seg til Monica T. Storevik på 930 39091.

Av Ola Matti Mathisen